

Planprogram- Kommunedelplan for naturmangfald



Alver kommune

<p>Ansvarleg institusjon og finansiering</p> <p>Alver kommune og Miljødirektoratet</p>	
<p>Tittel:</p> <p>Planprogram for Kommunedelplan for naturmangfald – Alver kommune</p>	
<p>Forfattar:</p> <p>Mari Hagenlund</p>	<p>Tal sider:</p> <p>13</p>
<p>Kommunalt prosjektansvarleg:</p> <p>Mari Hagenlund Laila Bjørge Kristin Nåmdal Hans Kristian Dolmen</p>	<p>Dato:</p> <p>04.04.23</p>
<p>Emneord:</p> <p>Naturmangfald, arealplanlegging, naturtypar, biodiversitet, arealendringar, arealrekneskap, naturrekneskap, naturgode, økosystem tenester</p>	
<p>Alver kommune Postboks 4 5906 Frekhaug</p> <p>Tlf: 56 37 50 00 www.alver.kommune.no</p>	<p>Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 Trondheim</p> <p>Tlf: 73 58 05 00 www.miljodirektoratet.no</p>

Innhold

1.0	Innleiing.....	4
2.0	Rammar og premiss for planarbeidet.....	5
2.1	Mål med planarbeidet.....	5
2.2	Kriterium for arbeidet.....	6
3.0	Formål med planarbeidet.....	7
4.0	Overordna føringar.....	9
5.0	Prosess, medverking og organisering.....	11
6.0	Tidsplan	12

1.0 Innleiing

Alver kommune er ein av 17 kommunar i Noreg som vart innvilga tilskot frå Miljødirektoratet til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald i 2023.

Bakgrunnen for kommunal utarbeiding av kommunedelplanar for naturmangfald kjem frå Meld. St. 14 (2015-16) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald der det står at:

"kommunene skal øke sin kompetanse om naturmangfold. Utarbeidelse av en egen kommunedelplan for naturmangfold vil være et viktig bidrag til den mer grundige interesseavveiningen som skal foretas i den etterfølgende prosessen med kommuneplanens arealdel".

Kva er naturmangfald?

Naturmangfald definerast som biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald. Det vil sei at naturmangfald er summen av mangfaldet i naturen og prosessane i økosystema dei lever i.

Biologisk mangfald er variasjonen i livsformer, livsformenenes arvestoff og samspelet organismane er ein del av. Dette inkluderer økosystema, artar og genetisk variasjon innanfor artane.

Landskapsmessig mangfald er mangfaldet av landskapstypar som har særlege trekk i innhald, samansetning og form.

Geologisk mangfald er variasjonen i berggrunn, mineral, løsmassar, landformer og prosessane som skaper dem.

10 kommunar vart deretter vald ut til å delta i eit pilotprosjekt som fekk innvilga økonomisk støtte til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Arbeidet har sidan blitt vidareført nasjonalt etter god erfaring frå pilotprosjektet. Kommunens rolle for å ivareta naturmangfald er avgjerande, og då spesielt med tanke på arealplanlegging, men også med tanke på utviklinga av lokalsamfunnet.

Regjeringa skriv vidare i Stortingsmelding 14:" *Gjennom arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel gis kommunen anledning til å se hele kommunens areal, på land og i*

sjø, i sammenheng. Både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen er velegnet for langsiktige prioriteringer på et overordnet nivå, herunder hva angår bevaring av viktige miljøverdier".

Arbeidet med ein kommunal plan for naturmangfald skal være eit verkemiddel for å setja naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden og etablera ein større grad av lokal forankring og medverking i prioriteringa av viktige naturområde i kommunen. Kommunedelplan for naturmangfald skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjersler i kommunen. Planen vil bidra til å synleggjere naturmangfaldet når slutningar om arealplanlegging skal takast, og skal fungere som kunnskapsgrunnlag og reiskap for å ta i vare naturmangfaldet i kommunen. Planen vil gjere saksgang føreseieleg for forvaltninga, eigarar og utbyggjarar og være reiskap for å synleggjere naturmangfaldet som ressurs for kommunen.

Kommunedelplanen vil bidra til at kunnskapen om naturmangfaldet vert meir systematisert og at fleire får kjennskap til kva verdiar som finst. Planen er ein god anledning til å løfte fram naturområde som har verdi lokalt.

2.0 Rammar og premiss for planarbeidet

Kommunedelplan for naturmangfald for Alver kommune skal utarbeidast i samsvar med plan- og bygningslova som sikrar eit utvida grunnlag for medverknad og ein større grad av forankring politisk og administrativt.

2.1 Mål med planarbeidet

- Kommunedelplanen skal gjere naturinformasjon meir tilgjengeleg for allmenta og forvaltninga.
- Planen skal synleggjere kva utfordringar kommunen har når det gjeld naturmangfald.
- Planen skal gje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.
- Planen skal synleggjere kunnskapshol og peike på område der oppdatert kunnskap er nødvendig.
- Peike på strategiar for ivaretaking av naturmangfaldet i kommunen.

Planen sin verknad

Planen er ikkje juridisk bindande, men er ein temaplan som fortel kva område som er prioriterte for naturmangfald og kva naturverdiar som skal innarbeidast i kommuneplanens arealdel. Deler av planen vil slik få eit juridisk vern.

Korleis skal vi bruke planen

- Planen skal konkretisere korleis kommunen skal jobba med å ta omsyn til naturmangfaldet
- Planen skal vektleggast ved saksbehandling og i kommunal drift.
- Planen er tverrsektoriell og gjeld for alle kommunale avdelingar og tenesteområde.

2.2 Kriterium for arbeidet

Kommunedelplanen vil ha temakartlag for naturmangfald som skal synleggjere kva areal som er prioriterte område for naturmangfald, og kvar det er behov for ny kunnskap. Temakartet vil vere kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel

Følgjande kriterium er valde for å avgjera kva område som skal prioriterast for naturmangfald:

- Naturtypar frå DN-handbok 13
- Marine naturtypar frå DN-handbok 19
- Områder med høgt potensial (hotspots) for trua artar
- Områder med trua artar
- Geologisk arv
- Verna område
- Biologisk viktige områder frå miljøregistreringer i skog (MIS registrering)
- Områder som er vurdert som lokalt viktige
- Naturtypar og område med trua artar frå tidlegare kartleggingar

- Omsynssoner frå kommunedelplanar for areal

Lista over kriterium er ikkje endeleg, og kan bli tilpassa i prosessen.

3.0 Formål med planarbeidet

Alver kommune har rike naturverdiar og store variasjonar i naturmangfald. Det finst eit høgt antal påviste rødlisteartar innanfor kommunens areal, og for fleire artar har kommunen nasjonalt og internasjonalt ansvar for å forvalte dei på riktig måte. Dette gjeld også for fleire naturtypar.

Eit av dei viktigaste måla med utarbeiding av planen er å auke kompetansen om naturmangfaldet i kommunen og belyse kvar det er kunnskapshol. Vidare er eit viktig mål å sikre at det ikkje skjer ei forringing av kommunens naturmangfald samt å belyse moglege tiltak for å betre forholda for naturmangfaldet. Vi ynskjer å oppnå desse måla ved å lage ei kunnskapssammenstilling av tilgjengeleg kunnskap og få laga eit temakart med viktige område for naturmangfald som er tilgjengeleg for alle.

Kvifor er naturmangfald viktig?

Naturmangfald er vårt livsgrunnlag på planeten. Alle artane har ulik funksjon, og balansen vert opprettheld av samspelet mellom disse funksjonane som fører til at økosystemet kan fungere. Dersom ein art dør ut eller blir for talrik, kan det føre til at heile økosystemet kollapsar.

Menneskeheita er avhengig av eit berekraftig naturmangfald. Våre grunnleggjande behov som luft, vann og mat er resultat av naturmangfaldet.

Naturmangfaldet bidrar med «økosystemtenester» eller naturgode, som for eksempel produksjon av luft frå planter og trær, eller bier og insekt som pollinera planter. I dei fleste tilfelle er menneskeheita ikkje i stand til å erstatte disse økosystemtenestene.

Kommunedelplanen skal gjere naturinformasjon meir tilgjengeleg for allmenta og forvaltninga, forenkle og også gjere saksbehandling meir føreseieleg for eigarar, utbyggjarar og allmenta generelt.

Arbeidet skal sette fokus på naturverdiane i kommunen og gje næringslivet, offentleg forvaltning, grunneigarar og andre eit styrka insentiv til å ta vare på naturmangfaldet.

Kommunedelplan for naturmangfold skal i korte trekk oppsummere:

- Kva som finst av kartlagt naturmangfald i kommunen
- Oversikt over kunnskapshol/behov for kartleggingar
- Prioriterte område for naturmangfald/artar
- Strategiar for å ivareta naturmangfaldet i framtida

4.0 Overordna føringar

Nasjonale

Kommunedelplanen skal forhalde seg til Stortingsmelding 14, Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald. Stortingsmeldinga legg føringar for framtidig naturforvaltning, der det er gitt konkrete mål om blant anna 10 % skogvern, handlingsplan for sjøfugl, restaurering av natur, og skjøtsel av kulturlandskap. "*Gjennom vern og bærekraftig bruk skal vi sikre naturens leveranser av naturgoder for fremtiden*" Meld.St.14 (2015-16).

Nasjonale miljømål

Noreg har 23 mål for miljø. Utviklinga blir målt med miljøindikatorar. Dei nasjonale måla for naturmangfald er:

- God tilstand på økosystem slik at dei kan levere økosystemtenestar (naturgode)
- Ingen artar og naturtypar skal bli utrydda, og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal bli betre
- Eit representativt utval av norsk natur skal tas vare på for komande generasjonar

For å planlegge arealendringar på ein forsvarleg måte, er det derfor behov for å ha kunnskap om kva artar og naturtypar som må tas spesielt omsyn til i eit bestemt område. Samfunnsaktivitet og næringsliv skal vera mogleg, utan at denne aktiviteten truar livsbetingelsane for artar eller ødelegg naturtypar.

Internasjonale

Biomangfoldkonvensjonen: pålegg alle medlemslanda å jobbe saman for å sikre naturmangfaldet på kloden.

FNs naturpanel: I 2010 vart det laga ein ny, tiårig plan for bevaring av det biologiske mangfaldet. Planen har som visjon at i 2050 er det biologiske mangfaldet verdisatt, bevart, restaurert og bærekraftig brukt på den måte som vedlikeheld økosystemtjenestar, opprettheld ein sunn planet og gjer livsviktige goder til alle menneske.

Lokale

Vår kommune, vår framtid - Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 Alver kommune

Strategiar og mål i kommuneplanens samfunnsdel:

- *"Alver sikrar naturverdiar og naturmangfald, og tek vare på verdifulle kulturlandskap og friluftsområde. Vi skal ta vare på biologisk mangfald, og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område".*
- *"Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring. Vi skal planlegge, utvikle og drifte kommunen slik at vi er for å handtere framtidige klimarelaterte hendingar".*

Samfunnsdelen seier vidare: *"Vi skal sikre miljømessig berekraft ved å ta vare på miljøet og naturen rundt oss. For å oppnå miljømessig berekraft må vi redusere klimagassutslepp, tilpasse oss klimaendringane, bruke areala våre på ein bevisst måte og verne om naturressursane.*

Nordhordland er valt ut som eit UNESCO biosfæreområde fordi regionen har blitt utpeikt til å vere eit læringsområde for berekraftig utvikling. Regionen blir skildra som best egna til å representere det moderne og framtidretta i eit variert landskap kor menneske, kultur og natur møtast mellom fjell, hav, kyst og fjord. Alver skal bidra i biosfæresatsinga, og leggje denne til grunn for samfunnsutviklinga i kommunen vår".

I tillegg lokale planar/dokument som for eksempel:

- *Planprogram for kommuneplanen sin arealdel (KPA Alver)*
- *Kommunedelplan Lindås*
- *Kommunedelplan Knarvik, Alversund*
- *Kommunedelplan Lindåsneset, Mongstad*
- *Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra, Lurefjorden*
- *Kommunedelplan Meland*
- *Kommunedelplan Radøy*

Lovverk

Naturmangfaldslova

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldsloven) er det overordna lovverket med hensikt å ivareta naturmangfaldet i Noreg. *"Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige, og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur"*.

Naturmangfaldsloven regulerer forvaltninga av artar, utvalde naturtypar, framande artar, leveområde for prioriterte artar og områdevern. Loven er sektorovergripande for alle sektorar som omhandlar naturmangfold og aktivitetar som i utgangspunktet regulerast av anna lovverk skal vurdere sin sak i samsvar med naturmangfaldslova.

Plan- og bygningsloven

Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) er det viktigaste lovverket for kommunen med tanke på utvikling av lokalsamfunnet. Alle saker som blir vurdert i henhold til plan- og bygningsloven skal likevel vurderast i henhold til naturmangfaldslova.

Forurensingsloven

Lov om vern mot forurensning og om avfall (forurensningsloven) har også som formål å ivareta naturmangfaldet: *"skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet slik at forurensning og avfall ikke fører til helseskade, går utover trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse"*.

Andre relevante lovverk som har som formål å bevare naturmangfaldet inkluderer Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) og Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. (lakse- og innlandsfisklova)

5.0 Prosess, medverking og organisering

Medverknad

Planprosessen vert følgt i forhold til plan- og bygningslova. Varsel om oppstart vert kunngjort i same tidsrom som planprogrammet vert sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Oppstartsvarsel og planprogram vert gjort tilgjengeleg for allmenta både digitalt og i lokalavisa. Det skal gjennomførast dialog med regionale og statlege mynde.

Aktuelle foreiningar med særskilt interesse i planen vert ytterlegare varsla og får moglegheit til å uttale seg i løpet av planarbeidet.

Organisering av planarbeidet

Administrativ organisering

Planarbeidet er organisert som prosjekt tenestoområde plan og analyse styrer prosessen.

Prosjektleder er Mari Hagenlund

Det er etablert ei tverrfagleg prosjektgruppe

Politisk organisering Areal plan og miljø (APM) er styringsgruppe for planarbeidet

Kommunestyre vedtar planprogrammet og kommunestyret sluttbehandlar kommunedelplanen.

6.0 Tidsplan

Arbeidet med planprogrammet starta mars 2023. I dette arbeidet går vi gjennom kunnskapsgrunnlaget i Alver.

Mange område i kommune er allerede kartlagt, men andre område manglar kartlegging. Det vil bli arbeidet med å få ein oversikt over dette til slik at eit temakart med prioriterte område for kartlegging kan bli laga. Ferdig planforslag sendes på høyring haust/vinter 2023, med mål om fastsett plan våren 2024.

Uventa hendingar kan medføra ein utsetjing av ferdigstilling.

Planarbeidet vert delt i to prosessar som til saman skal utgjera ein ferdig plan:

Første fase:

- kartfesta eksisterande kunnskap og naturfaglege registreringar.
- Oppdatere og verifisere eldre opplysningar
- Knyta til seg personar med biologi og økologikompetanse
- Utarbeida forslag til omsynssoner for naturmangfald og føresegnar til kommuneplanens arealdel. Forslaget skal vera ferdig seinast 1. juli 2023.

Andre fase: utarbeide kommunedelplan for naturmangfold med tematisk del. Ferdig plan skal leggjast fram til politisk vedtak i april 2024.

Tidsplan:

- Planoppstart og planprogram ut på høring: Vår 2023
- Fastsettelse planprogram: september 2023
- Oppstart arbeid med planforslag: vår 2023
- Avklaring av kartleggingsbehov: høst 2023
- Planforslag på høring vinter 2023/24
- Fastsett plan: vår 2024